

FELLESBREV FOR FEBRUAR

Etter mykje mørkt og vått ver gjer det godt med solrike kalde vinterdagar no ved inngangen til februar. For barna sin del skulle me gjerne ønske oss meir snø, men me tek i mot det me får ☺.

Planleggingsdag

Fredag 3. Februar er det planleggingsdag, og barnehagen er stengd. Denne dagen skal personalet på kurs saman med andre barnehage- og skuletilsette i Sunnhordland. Me bygger vidare på kursdagen me hadde i november, og deler oss på to tema: ”det utfordrande barnet” og ”lær meg norsk før skulestart”. Me håpar det blir ein nyttig dag med godt fagleg påfyll.

Støydemping

I barnehagen har me enkelte rom som heile vegen har bydd på utfordringar i forhold til støy og romklang. Dette skal me no få gjort noko med, så VHG innredningar har teke jobben med å montere støydempande plater. Dei startar arbeidet denne veka, og skal utbetre kantineområdet og kjøkkenet oppe, og leike/opphaldsromma nede hos dei minste.

Karneval

Februar er karnevalmånaden, og 17. Februar slepper me sambaen laus i barnehagen – me gler oss! Meir info kjem når det nærmar seg.



Då vil me ønske alle ein fin februar måned!

Helsing personalet